



Saksframlegg

Sakshandsamar:	Planavdelinga	Arnold Matre
	Arkivnr.: 14/1951	Klassering:

Søknad om ny vurdering av 2. gangs handsaming av reguleringsplan for Nilshøyen.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen

.....

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Plan- og miljøutvalet

Bakgrunn

Plan- og miljøutvalet hadde 10.06.15 oppe til avgjerd om ein skulle opna for ny 2. gangs handsaming av reguleringsplan for Nilshøyen. Dette vart avvist av utvalet. Saka vart fremja etter søknad frå planframstillarane på bakgrunn av det dei meinte var nye opplysningar i saka. Saka var opprinneleg handsama i Plan- og miljøutvalet 06.03.15. Utvalet krov då m.a endra vegtrase fram til tomtane 12, 13 ,14 og 15. Saka vart sendt attende til utbyggjar. (jf vedlagt saksutgreiing 06.03.13)

Interessentane bak reguleringsplanen har tatt kontakt med politisk nivå for å initiere ei ny handsaming av reguleringsplanen. Dette er grunngeve med ein avtale om makebytte som legg til rette for at eit garasjebygg langs tilkomstveg til tomtane 12 - 15 kan verta rive. Dette vil etter deira meining auka trafikktryggleiken på denne vegen. Adminstrasjonen er beden om å leggja søknaden frå Hjelmtveit fram for utvalet.

Vurdering

Adminstrasjonen har ikkje gjort nokon realitetshandsaming av søknaden/kravet frå Hjelmtveit, i den forstand at me har utgreia kva følgjer det skildra makebytte kan ha å seia for trafikktryggleiken i området. Det er som i møte 10.06.15 opp til utvalet å avgjera i kva grad dei ser på dei nye

opplysningane som relevante i høve deira vurderingar som låg til grunn for vedtaket 06.03.13 og 10.06.15.

Plan- og miljøutvalet må på bakgrunn av skriv frå Hjelmtveit vurderer om dei ønskjer å ta saka oppatt til ny vurdering. Dersom utvalet meiner dei nye opplysningane er av ein slik karakter at det er grunnlag for å gjera ei ny vurdering, kan dei be om å få saka opp til realitetshandsaming i eit seinare møte. Møteprotokoll frå møte i PMU 06.03.13, 10.06.15 og 23.09.15 er lagt ved.

Administrasjonen rådde til at planen kunne verta vedteken slik den låg føre til 2. gangs handsaming møte 06.03.16

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

.....

Vedlagte saksdokument:

2.gangs handsaming av reguleringsplan for Nilshøyen bustadfelt	29821	04.03.2016
Krav om gjenopptak av behandling av planforslaget Nilshøyen	38682	04.03.2016
Vedlegg	38683	04.03.2016
Forslag til reguleringsplan - Nilshøyen bustadfelt	47152	04.03.2016
Erklæring vedk prosjekt Nilshøyen	65505	04.03.2016
Klage - Reguleringsplan - Nilshøyen bustadfelt	75279	04.03.2016
Vedtak i klagesak - reguleringsplan Nilshøyen bustadfelt	82790	04.03.2016
Lindås - Gnr 172 bnr 10 og 66 - Nilshøyen bustadfelt - Regulering	82791	04.03.2016
Søknad om makebytte/ grensejustering mellom gbnr 172/66 og 172/16 Hopland	100817	04.03.2016
Situasjonsplan	100818	04.03.2016
Gjenopptakelse prosjekt Nilshøyen, Seim	100826	04.03.2016

Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost